

Folk kosa seg på museumsdagen.

20.08.2017



Høneflokket på Rød sette ein spiss på Kvinnheradsmeisterskapet i styltegang.

Museumsdagen på Rødtunet vart arrangert i dag, og mot det som har vore normalt i det siste, var vergudane i godlage og på arrangørane si side. Saman med eit fint program gjorde det at dei vel 50 publikummarane var svært fornøgde då dei gjekk på heimveg.



Lina Håland og Eva Megyesi framførte to fine salmar av Lina Sandell.

Som vanleg starta programmet med gudsteneste i røykstova. I preiketeksten tok sokneprest Lina Håland utgangspunkt i teksten der Jesus samanlikna seg med ei hønemor som gjorde alt for å ta vare på alle ungane

sine. Presten nemnde også at det derfor var greitt at vi hadde høneflokken ute på tunet. I det ho sa det gol den staselege hanen på Rød.

Sokneprest Håland imponerte nok ein gong med den vakre songstemma si i to salmar av Lina Sandell. Først song ho **Nu vil jag sjunga** som avslutning på preika. Deretter framførte ho til slutt velkjende og vakre **Bred dina vida vingar** som postludium. På begge salmane vart ho akkompagnert av kantor Eva Megyesi på trørgel. Ho spela også til salmane og liturgien under gudstenesta. Eva var ikkje sett opp på gudstenesta på Rød, men kort tid på førehand fekk arrangøren melding om at ho kunne vera med, for ho hadde spelt i Holmedal kyrkje tidlegare på dagen. Veldig kjekt at ho vart med!

Etter gudstenesta var det minikonserert med Uskedal musikklag. Denne gongen hadde dei både songar og marsj frå Frelsesarmèreportoaret i tillegg til andre publikumsvennlege nummer. Gjennomssnittsalderen på musikklagsgjengen er høg, men likevel set dei pris på meir eller mindre pålitelege publikumsmeldingar om at dei berre vert betre og betre.



Meisteren Ståle Eik har fått vandrepokalen av styltegeneral Bjørgulv Eik

I Kvinnheradsmeisterskapet i styltegang overgjekk kvaliteten på deltakarane kvantiteten. Imponerende var det å sjå korleis både brørne Ståle og Audun Eik og einaste dame Svanhill Haugland forserte hendera. Fort gjekk det også. I år som i fjor vann Ståle Eik, og dermed sikra han seg det andre nappet i vandrepokalen sett opp av Byggeriet Uskedal Trelastlager AS. Neste år vert nok konkurransen endå hardare. Fleire publikummarar vart så inspirerte at dei lova å leggja seg i trening. Ein av desse var hurtigtoget Hans Gustav Mussland som visstnok ein gong også var eit stort styltetalent.

Siste post på programmet var møtet med kunstnaren Aud Sørheim Myklebust. I lemstova hadde ho utstilt litt av det ho har produsert i eit 40 år langt kunstnarliv. Det var bilde i ulike teknikkar, det var steinfigurar og modulerte skulpturar og det var til og med eit flott hjortehovud frå ei trerot på vegg. Stor variasjon og breidde altså. I tillegg viste ho ei anna side ved kunstnarlivet sitt gjennom dei fine dikta ho les opp. Ho har gjeve ut både kunst- og diktboka 'Isrosen' og eit hefte med 25 sjølvskrivne salmar. Gjennom dette rike kunstnarlivet tok ho publikum med på ei reise då ho fortalde om det. Ein god forteljar var ho og. Det resulterte i eit lydhøyr og interessert publikum. Dette var kjekt, sa dei etterpå.



Interessant både å sjå og høyra det Aud Sørheim Myklebust hadde å by på.



Uskedal musikklag spelte mellom anna tre melodiar frå det vi til vanleg høyrer frå Frelsesarmeen. Meir kjem seinare i haust på salmekveld i kyrkja.

Tekst, foto, nett: Thor Inge Døssland.